

RETNINGSLINJER FOR STØNAD TIL KULTURARBEID

§ 1 Formannskapet kan etter søknad gi stønad til personar, lag, organisasjonar og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune.

§ 2 Velforeiningar i Bokn som er registrerte i Brønnøysund får tildelt kr 5 000 til drift utanom kulturmidlane, og kan derfor ikkje søka kulturmidlar på ordinære vilkår. Føresetnad for tilskotet er at det er budsjetterte midlar.

§ 3 Organisasjonar som engasjerer barn, unge, eldre og nye landsmenn skal prioriterast. Det skal leggjast vekt på aktivitetsnivå, antal betalende medlemmer, eigeninnsats, kapitalbehov og eventuelle andre ytingar laget får frå Bokn kommune.

§ 4 Desse kan ikkje motta stønad:

- Lag som driv på forretningsmessig basis
- Organisasjonar som ivaretar yrkesinteressene til medlemmene
- Politiske lag og aksjonar

§ 5 Nye lag kan få inntil kr 5 000,- i oppstartingsstønad. Dette gjeld ikkje nye undergrupper innanfor eksisterande lag.

§ 6 Rekneskap, årsrapport og medlemsliste frå førre år, samt budsjett for søknadsåret skal følgja med søknaden.

§ 7 Det kan ytast stønad til spesielle tiltak. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar. Inntil kr. 10.000,- blir av formannskapet årleg utdelt til ein av søkarane.

§ 8 Kulturkontoret organiserer stønad til kulturarbeid, som blir kunngjort på Bokn kommune sine digitale plattformer.

§ 9 Ungdomsrådet og rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne får saka til uttale før ho går til formannskapet.

§ 10 Endringar i retningslinjene skal godkjennast av kommunestyret.